

Forum Gris årsmøte 2012, møtereftrat

Kafe Jærbuen, Nærbø 23.02.2012 kl. 19.30

Saksliste:

- 1 Leder Hanne Våland ønske velkomen til 18 frammøtte.
- 2 Innkalling og saksliste vart godkjent.
- 3 Hanne Våland vart valt til møteleiar
- 4 Leiv Kristian Skrettingland vart referent
- 5 Bjørn Borgen og Halvard Garpestad vart valde til å skrive under møteboka.
- 6 Årsmelding Hanne Våland:

Styre har vore som vist i innkalling

96 medlemmer i 2011

Besøk av Laura Jensen var det enighet om å tilby medlemmane, men til ein pris på linje med Erik Jensen. Ho må dekke reise, kost og losji sjølv.

Årsmelding godkjent.

- 7 Gislaug Sele frå Jærøk gjekk gjennom rekneskapen , som vart godkjent utan merknader.

Magnar Fjellheim tok så ordet utanom sakliste for å setja fokus på vår forblanding til sugger. Halvard Garpestad meinte han fekk betre resultat med andre forslag, Freddie Helgesen og andre og, meinte det sama. Me må gjera eit forsøk på å gjera FG purkefor til ei meir atraktiv blanding for ikkje å missa marknadsandel.

8 Val

Leder i valkomiteen Halvard Garpestad leia valet.

Leiv Kristian Skettingland går ut av styret. Han overtek jobben som sekretær/kasserer etter Tønnes Garborg, som sluttar.

Leder: gjenval på Hanne Våland for 1 år

Styremedlem: Arild Ravndal for 2 år, ny

1. vara: Bjørn Ståle Bekkeheien, ny

2. vara: Tommy T Skretting, gjenvalg

Revisor: Bjørn Høyland, gjenval

Valkomite: Bert Ove Byberg er ny. Ut går Hallvard Garpestad

Det vart bestemt at valkomiteen heretter skal foreslå ny kandidat for årsmøtet til nytt medlem i valkomiteen.

Godtgjersle til styret vart ståande uendra, som foreslege.

Etter ein sær s velsmakande middag hadde Arild Eriksen FKRA eit innlegg om aktuelle kraftforlag. FKRA har stabil høg marknadsandel og nemde spesielt god respons på Kvikk 160 siste halvår. Han meinte at høg andel fiskemjøl, 12% er forklaringa på suksessen. Kvikk 150 er alternativet i besetningar med avvenningsproblem. Frå tid til anna er interesse for spesielt tilpassa drektighetsblandingar, men for høg pris demper salget. Det er ynskje om meir innhald på forseddelen, dette har betra seg, og dei kan finna metoder for at me skal få enkel tilgang på dette. Han bekrefta store problem med å halda lågt DON-nivå.

Hanne takka det gamle styret, delte ut blommar og takka for frammøte.

Referatet er underskrive av

Bjørn Borgen

Hallvard Garpestad